

Melding frå Kongen til Stortinget om Norges rikes styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Norges Konge,

gjer kunnigt:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gjeva melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1937.

Aret 1937 har vore eit særskilt godt år for landet. Det kjem sterkest tilstykking i dei økonomiske tilhøva. Realinkoma rekna i medel pr. ibuar har vore større og det har vore fleire folk i arbeid enn nokon gong før.

Men som alltid har det ikkje vore like godt for alle næringer. Best har det vore for skipsfarten, som fullt ut har kunna nytte konjunkturane på verdensmarknaden, minst godt for fiskeria, som bare i mindre grad har hatt bate av konjunkturane.

Framgangen i næringslivet var størst i den første halvparten av året, men har sedan stilna av, og gir mot slutten ikkje så gode løvnader for 1938. Denne vending mot slutten av året heng i nokon monn saman med prisutviklinga.

Prisane på råvarene som steig sterkt i siste halvparten av 1936, gjekk framleis op i dei første månadene av 1937, men har seinare falle, og dette omslaget i prisane har seinare i året også nått det ålmenne engrosprisnivå. Hos oss stilna rørsla i prisnivået av i dei to siste månadene av året. Men prisstiginga på engrosvarer har etter indeksen vore omlag 14 pct. i siste året. Jordbruksvarene som fall meir enn industrivarene, i dei siste åra har på jamnan stige litt sterke, slik at indekstala for jordbruksvarer og ferdige industrivarer nå står så nokonlunde på same nivået.

Prisstiginga har også synt seg i levekostnadene som har gått op omlag 9 pct. i siste året, men her også har opgangen stilna av i dei siste månadene.

Pengemarknaden har også synt ei heppen utvikling i året. Han har vore mykje riklegare enn i 1936. Renta har difor synt ein fallende tendens og 4 januar 1938 sette Norges Bank diskontoen ned frå 4 til 3,5 pct. Den lette pengemarknaden heng millom anna saman med at det strømmer medel til frå utlandet avdi utanriksnæringane våre, særleg skipsfarten og kvalfangsten, har auka fortentesta. Ein kan også merke seg at bankinnskotta har gått op.

I 1936 gjekk dei som kjent ned med over 100 millionar kroner. Men til oktober 1937 steig dei att med 60 millionar kroner. Denne stiginga fell heilt på dei private aksjebankane og gjeld først og fremst folioinnskotta.

At verksemda har auka, syner seg også i oppgåvane over den innanlandske omsetnaden. Den nye statistikken over detaljomsetnaden syner ei stiging i dei summar som er omsette, på omlag 13 pct. frå juli—august 1936 til juli—august 1937. Dette kan svare til 4—5 pct. i omsett mengd.

Utanrikshandelen har stige mykje sterke. Innførsla har gått op frå 832 millionar kroner i januar—november 1936 til 1 186 millionar kroner i januar—november 1937; det er ei stiging på mellom 42 og 43 pct. Utførsla har i samme tidebolken stige med 20 pct, frå 611 millionar kroner til 737 millionar kroner, men her er ikkje teke med utførsla av kvalolje beinveges frå fangstfelta, som er større enn i 1936. Den store stiginga i innførsla har i nokon monn sin grunn i prisstiginga på korn og råvarer og ymse halvfabrikata, men ein må merke seg at det særleg er innførsla av produksjonsmiddel som har gått op, først og fremst fast produksjonskapital, som skip. Minst opgang syner forbruksvarene. Opgangen i utførsleverdet skriv seg i nokon monn frå stiginga i dei utførte mengdene, i nokon monn også frå prisstiginga. Det er stor opgang for produkt frå papirindustrien, metall og skinn. Verdet av utført sild og fisk og oljer og fett er også gått op ein god monn. Avdi innførsla har stige sterke enn utførsla, har underskottet på handelsbalansen vorte mykje større i 1937 enn i 1936. For dei første 11 månadene er det eit innførsleoverskott på omlag 450 millionar kroner mot vel 240 millionar kroner i heile 1936. Men dette store innførsleoverskottet blir meire enn utjamna av inntektene, særleg av skipsfarten og kvalfangsten, som har auka i 1937. Betalingsbalansen blir heilt visst positiv i år også og overskottet vil venteleg bli større enn i 1936.

Som nemnt har framgangen i året vore noko ulik for dei einstilde næringar.

Jordbruket: For jordbruket må ein karakterisere 1937 som eit godt år. Avlinga var stor, særleg for høy og korn. Det er bare

ein fylke, Finnmark, som har under medelsårs avling. Kvaliteten har òg vore jamt god, for korn særslig god. Etter det ein førebels har rekna ut, er kornavlinga 415 000 tonn i 1937 mot 365 000 i 1936. Høyavlinga har etter det ein kan skjonne, vore den største vi nokon gong har hatt. Arealet av dyrka jord har auka frå 1936 til 1937 med vel 83 000 dekar. Husdyrhaldet viser òg stiging for hest, mjølkekryr, svin og fjørfe, men nedgang for ungfe, sau og geit. Det ser etter dei oppgåver ein har, ut til at svinehaldet står andsynes ein periodisk nedgang att. Omlag alle jordbruksvarene syner prisstiging; men samstundes er òg produksjonskostnadene gått op. Likevel er det all grunn til å meine at driftsåret 1937—38 vil syne eit betre økonomisk resultat enn åra før. Pelsdyralet syner framleies auke. Skogbruket: Det har vore eit godt år for arbeidslivet i skogdistrikta i 1937. Prisane på tømmer har gått op, til dømes har basisprisane på sliperi- og sellulosetømmer av gran stige med over 50 pct. Den skogsdrifta som er sett i gang i 1937, er difor større enn vanleg. Fiskeria: Fiskerinæringa har arbeidt under særslig vanskelege tilhøve i mange år, og denne næringa har bare i liten monn havt bate av konjunkturopgangen. Avkastninga er framleies ikkje god avdi avsetnadstilhøva er svært vanskelege, og Staten har difor i 1937 lote halde fram med stønad, på den eine sida i form av beinveges tilskott og lån til fiskarane, på hi sida i form av minsteprisar og garanti mot tap for tilverkarar og eksportørar. Den mengda som er fiska op, har i 1937 stort set vore som i eit medels år. Det er fiska meir torsk enn i 1936, medan sildefisket har gått sterkt ned frå 1936; men da var det òg eit særslig rikt fiske. Prisane på fiskepllassane har stige litt, særleg for vintersilda. Verdet er førebels rekna ut til 82 millionar kroner mot 73 millionar kroner i 1936 (heimefisket ikkje teke med). Verdet av den utførte fisken har stige monaleg i året, særleg avdi tørrfiskutførsla til Italia som har kome i stand ved ein bytehandel, skip mot fisk, har auka. Avdi sildefisket var mindre godt har utførsla av sildemel gått sterkt attende. Kvalfangsten har gjeve meir av seg enn i 1935—36 avdi prisane har vore høgare. Verdet av fangsten var innpå 80 millionar kroner (71 millionar kroner når ein ikkje tek med dei kokeria som var bortleidte til Tyskland). Industrien: Industrien har hatt ein større produksjon i 1937 enn i nokon år før. Månadsindeksen for produksjonen syner ein oppgang på omlag 11 pct. fra 1936 til 1937 når ein samanliknar medeltala for månadene januar—oktober. Produksjonsnivået

låg difor i 1937 vel 27 pct. høgare enn i det førre toppåret, 1930. Produksjonsmiddelindustriens har hatt mest oppgang, særleg den produksjonsmiddelindustrien som arbeider for heimearknaden, og av den fyrst og fremst jern- og metallindustrien. Heimeindustrien under eitt har hatt ein god monn større framgang enn eksportindustrien.

Augen i verksemda viser seg òg i arbeidsindeksen, som syner ei stiging i medeltalet av arbeidarar i dei tri fyrste fjerdingåra av 1937 på 7 pct. og i timeverka på vel 4 pct. Verksemda i industrien syner minkande stiging i dei fyrste høstmånadene, men ligg høgare att i november. Dette er ikkje tilfellet med byggjeindustrien. For han syner tala ein tydeleg stagnasjon frå førsommaren. Skipfarten: Skipfarten har hatt eit særslig godt år i 1937. Fraktstiginga tok til alt høsten 1936 og fraktene steig enda meir i 1937. Det har vore uvanleg stor verksemde i flåten. Den flåte som har vore i fart, har òg vore større enn noko år før. Pr. 1 januar 1938 var handelsflåten på i alt 4 539 000 bruttonn. Det er ei stiging på nær 340 000 bruttonn frå 1 januar 1937. Det har i år vorte siglt inn mykje meir i bruttofrakter enn i 1936, då dei tok inn 496 millionar kroner. Fraktene er førebels rekna ut til omlag 800 millionar kroner.

Arbeidslosya: Augen i verksemda har synt seg i nedgang i arbeidslosya samanlikna med 1936, men i høstmånadene er det tendens til stans i betringa; likevel er framleies arbeidslosya mindre enn i dei samme månadane i 1936. I vår- og sommarmånadene var talet på arbeidssøkjande 15—17 pct. lågare enn året før, i september—oktober—november 8—10 pct. lågare.

Som vanleg i år med sterke prissvingingar og tariffrevisjonar har det vore mange arbeidskonfliktar; men det har ikkje som i konfliktsåra før vore nokon ålmenn arbeidsløs i mange industriar samstundes. Det har vore stans i bergverka, hermetikkindustrien, tekstilindustrien, elektrokjemisk industri o. fl. Tariffrevisjonane i 1937 har resultert i lønstilllegg, på jamnan 8 pct. for dei faga som hadde tariffrevisjon i april, men meir i dei seinare semjene.

Offentlege finansar: Den økonomiske framgangen landet har hatt i 1937, har òg lettet dei offentlege finansane. Finansane åt kommunane har besna i det siste. Inntekta har stige og skattøyren har difor gått litt ned, jamvel om utlikningssummane har auka. Lånegjelda åt kommunane har ein òg kunna redusere mykje i dei seinare åra, i stor monn ved gjeldsakkord.

Statsfinansane er òg lettet. Regneska-

pen for 1936—37 har gjeve eit overskot på 57,2 millionar kroner (46 millionar kroner dersom ein tek omsyn til stiginga i dei overførte løyvingane). Rekneskapen for 1ste fjerdingåret 1937—38 syner underskott; men det er vanleg at det er underskott i fyrste fjerdingåret. Samanlikna med fyrste fjerdingåret 1936—37 er underskottet gått monaleg ned. Dei seinare månadsoppgåvene over dei største inntektspostane syner stiging.

Som vanleg i gode år har det vore mange giftarmål — i dei fyrste fjerdingåra 1937 15 758 mot 14 628 i dei same fjerdingåra 1936. Fødselstalet er òg noko større i desse fjerdingåra av 1937 enn i 1936 — 33 641 i tidebolken januar—september 1937 mot 32 559. Talet på avlidne er òg litt større — 22 671 mot 22 483. Fødselsoverskottet i denne tida i 1937 blir difor 10 970 mot 10 076 i 1936. Folketallet kan ein ved utgangen av året setje til omlag 2 908 000; det er 14 000 meir enn for eit år sidan.

Gjeve på Oslo slott 11 januar 1938.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON
(L. S.)

Johan Nygaardsvold

B. Rolsted